



## INFORMASJON TIL KLUBBENE VEDR. NASJONALE RENN

Skikretsen sin langrennskomite har laga et reiseopplegg for løparar som deltek på nasjonale renn for juniorer, seniorer samt Hovedlandsrennet. For at opplegget skal fungere, er det viktig at klubbane (og særleg kasserer) får informasjon om rutineane.

Opplegget fra skikretsen er som følger:

- Løparar og foreldre melder seg på reiseopplegget via påmeldingsskjema (questback). Skjemaet ligger på kretsens hjemmeside.
- Løparar og foreldre som i etterkant av påmelding likevel ikke ønsker å delta, må melde seg av opplegget. Det vil verta sendt ut påminning i forkant av kvart renn. Denne påminninga kjem i forkant av kvart arrangement og baserer seg rundt kva avbestillingsavtalar skikretsen har med kvar overnattingsstad. Me melder i frå fortløpande til overnattingsstad om fråfall meldt inn, også etter avtalt frist. Somme tider er overnattingsbedriftene særleg fleksible og andre gonger ikkje så fleksible. Difor vert det av og til ikkje fakturert sjølv om dei som melde seg av, gjorde dette etter fristen. Me anbefalar alle å tegne/bruke reiseforsikring for å hindre at ein sit med faktura for eit arrangement ein ikkje har vore med på. Her er både legeerklæring og god forsikring vesentleg om ein skal få dekkja ev faktura for ei reise ein ikkje har vore på.
- Kretsen bestiller og betaler overnatting for løpere og foreldre i forkant av renn.
- Kretsen viderefakturerer kostnadene for overnatting og reiseopplegget til klubbane. Fakturaen vil innehalde følgjande kostnader:
  - Overnatting (for løparar og foreldre)
  - Felleskostnader som fordeles per løper:
    - Smørebod/smørevogn
    - Reiseleiar
    - Smøresjef/smørjeassistent
    - Smurning og smøreservice(250 per par ski per renn).
    - Evt. andre kostnader som transport, mat eller lignende.
- Om det er nokre klubbar som stiller med løparar, utan foreldre/støtteapparat, som gjer at andre klubbar sine foreldre/støtteapparat må dekke inn med meir arbeid, så vil det bli lagt på eit ekstra honorar til desse klubbane(avheng av reiseveg og generelle utgifter per arrangement). Dette vil reduserast tilsvarande av klubbane som stiller med ekstra medlemmer i støtteapparatet.
- Faktura MÅ betalast ved forfallsdato for å sikre at skikretsen har likviditet nok til å førehandsbetale og betale kostnader fortløpande gjennom nokre hektiske vintermånadar.

- Klubbene må sjølve sørge for å viderefakturere til løparar/foreldre, dersom klubbane ikkje dekker deira utgifter.

Eventuelle spørsmål om opplegget kan rettes til Bernt Rusten, [bernt.rusten@skiforbundet.no](mailto:bernt.rusten@skiforbundet.no) eller telefon 926 58 210